


Lang dags ferd

**DET NORSKE
TEATRET**



6109018439



GISLE STRAUME

Etter å ha vore borte frå Det Norske Teatret i 20 år, kjem Gisle Straume tilbake i ensemblet, som James Tyrone i «Lang dags ferd mot natt». Det var på Det Norske han kort tid etter krigen starta sin teaterkarriere. Han vart fort ei sentral kraft på teatret og skapte mange store, minneverdige rolletolkingar både som karakterskodespelar og komikar. Etter **den** tid fór han vide ikring, og var knytt til dei fleste norske scener, i kortare og lengre periodar: — i Stavanger og Bergen var han også teatersjef. I Oslo møtte vi han på Nationaltheatret og Oslo Nye Teater i den eine store rolla etter den andre, og gjennom Fjernsynsteatret har han nådd ut over heile landet med sin eminente skodespelarkunst.

Det er ei glede å ønskje han tilbake til «faderhuset». Måtte han slå seg til ro der ei tid!

RØNNAUG ALTEN


Rønnaug Alten er fødd i Nord-Noreg, og har gjennom eit langt skodespelarliv spela overalt i landet vårt. Ho debuterte som Viola i «Heilag trekongars kveld» på Den Nationale Scene i Bergen og har sidan vore knytt til Trøndelag Teater, Folketeatret, Oslo Nye Teater og Riksteatret.

Det ligg alltid eit fint lys over henne på scenen, og dei scenefigurar ho har skapt set seg fast i minnet, anten det er Rebekka West eller Katinka Stordal, — for å nemne eit par. Også som instruktør har ho gjort ein sterk innsats. Ho kom for nokre år sidan med i gruppa som skapte Teatret Vårt i Molde, og har lenge vore borte frå Oslo — alt for lenge! Teaterlivet i hovudstaden treng denne fine skodespelarinna, og vi er svært glad for å kunne ønskje henne velkomen på vår scene — der ho aldri før har stått, og der ho no tolkar ei av verdsdramatikkenes finaste og mest krevjande kvinneroller: Mary Tyrone.


T.S.

EUGENE O'NEILL — EIN BIOGRAFI I ORD OG BILETE

Tatt frå Travis Bogard: Contour in Time, Oxford 1972



1913 — Eugene O'Neill var 25 år gammal, budde i New London, Connecticut, freista etablere seg som journalist, diktar og spirande dramatikar. Andletet på biletet er det andletet han seinare skildra som Edmund Tyrone i «Lang dags ferd mot natt». På fotografiet, som i skodespelet, løyner det seg bak den unge mannens eleganse eit hardt og vanskeleg liv, ein uttært kropp og ei utarma sjel — året før hadde han stått andlet til andlet med døden. I 1912 freista han å gjere sjølv mord i eit billig losjihus i New York. Han hadde nett sloppe ut av eit tuberkulose-sanatorium. Han var skilt, og far til ein son han aldri hadde sett. Han hadde reist som gullgravar til Honduras og som sjømann til Buenos Aires, Afrika og England. Han hadde valt å søkje selskap blant det menneskelege avfallet han fann langs bryggene verda rundt, i New York og i Argentina. Innanfor familiesirkelen hadde han levd med — eller kan hende flykta frå — kunnskapen om ei mor som var morfinist, og ein far — skodespelaren James O'Neill — og ein bror, Jamie, som var mislykka så vel i kunsten som i livet. Likevel, den sommaren, da han byrja skrive, var andletet vendt mot sola og den lange ferda framfor han.



1914 – den hausten, i det han følgde ei høg estetisk line, vart O'Neill innlemma i den gruppa som stod som sjølv paradiset for dramatikarar-in-spe, George Pierce Bakers «47 Workshop» ved Harvard-universitetet. Han var fast bestemt, sa han, på å bli kunstnar eller ingenting. Den tidlegare utdanninga hans var ikkje så mykje å skryte av, men tilstrekkeleg: katolsk internatskole og akademi, deretter eit semester ved Princeton-universitetet. Han vart suspendert derifrå på grunn av ein gutestrek. Deretter kom dei omflakkande ungdomsåra, men anten han var i eller utanfor skolen, las han og utdanna seg sjølv med Jack London, Stephen Crane, Frank Norris, Nietzsche, Ibsen, Strindberg, Dostojevskij, Conrad, og – som den sjølvnyttande fin-de-siècle poseringa viser – Dowson, Wilde, Edward Fitzgerald, Francis Thompson, Baudelaire. Han vart verande ved Harvard berre eitt semester og flytta deretter til Greenwich Village, der han blant vennene sine kunne telje ein gjeng kriminelle, «The Hudson Dusters», og òi broket samling intellektuelle: Jack Reed, elskarinna hans, Louise Bryant, Mary Heaton Vorse, Maxwell Bodenheim og anarkisten Terry Carlin. Saman med dei gjorde O'Neill seg til talsmann for politiske og sosiale saker, og forlet diktargjeringa for ei tid.




1916 — om sommaren reiste O'Neill saman med Terry Carlin til Provincetown på Cape Cod. Der møtte han George Cram Cook og kona hans, Susan Glaspell — eit møte som skulle forandre lagnaden hans. Det var ein sommar i fridom og begeistring. Cook og vennene hans greip ivrig fatt i O'Neills ungdommelege stykke og sette dei på plakaten saman med andre skodespel unge amatørar oppførte i eit skur på brygga til Mary Vorse. Tiltaket fekk suksess, og skodespelarane organiserte seg som «The Provincetown Players» og heldt fram i New York. Suksess smakte godt, jamvel om det var amatør-suksess, og O'Neill fekk tru på seg sjølv og mot til å halde fram.

Han vart forelska i Louise Bryant, men ho gjorde slutt på forholdet og følgde Jack Reed til Moskva. O'Neill vende seg til ei kvinne som likna henne, ei ung forfattarinne, Agnes Boulton. Ho syntes han var melankolsk, merkeleg, men beundra han for det farefulle livet han hadde levd — m. a. som sjømann på «American Line». Han gjorde ikkje teneste i krigen på grunn av tuberkulosen, og budde skiftevis i New York og Provincetown, skreiv korte skodespel og noveller, — to av dei vart offentleggjorte det året i etablerte tidskrift. Han stod tydelegvis på terskelen til ein karriere, og profesjonell suksess låg ikkje så langt bortanfor horisonten.


1918 — O'Neill gifta seg med Agnes Boulton i Provincetown. Ekteskapet byrja bra, men så kom Jamie og med han vanskaner. Når dei var saman, drakk dei to børne tett, heile tida, og til tider var ikkje Agnes anna enn ein motvillig opp-passar. Eugene vart sjuk, ho tok han med seg vekk frå Jamie til sin eigen barnomsheim. Der friskna Eugene til, og ekteskapet vart meir stabilt. I 1917 hadde O'Neills omdømme vore





på rask veg oppover, men i 1918 vart berre tre korte skodespel oppførte, og i 1919 berre eitt. Han hadde skrive ferdig «Beyond the Horizon», det vart kjøpt for produksjon på Broadway med Barrymore-brørne. Prosjektet døydde. Eugene arbeidde med to andre lange skodespel og fikla litt med einaktarar og forteljingar med sikte på den vanlegaste av alle kanalar for unge forfattarar, «Saturday Evening Post». James O'Neill vart skadd i ei bilulykke, og ulykka førte far og son nærare einannan enn dei nokon gong før hadde vore. Som eit teikn på kjærleiken sin, kjøpte James i 1919 ein forlatt kystvaktstasjon ved Peaked Hill Bars på Cape Cod for sonen sin. Sommaren der gav frukter, jamvel om det var einsamt, og mot slutten av året flytte Agnes og Eugene inn til Provincetown, der O'Neills andre son, Shane, vart fødd 30. oktober. Men karrieren som året før syntest så strålende, hadde stoppa opp. Den skapande energien ebba, og alkoholen vart på nytt eit problem.





1920 — eit år da løfte vart innfridde og grøden hausta. «Beyond the Horizon» kom endeleg opp på Broadway i februar og vann Pulitzer-prisen. Provincetown-oppsettjninga av «Emperor Jones» opplevde ein suksess som blir få amerikanske stykke til del. Eit anna langt skodespel, «Chris», var ein fiasko, men ein revidert versjon, «Anna Christie», venta i kulissane, og Eugenes fantasi bobla av prosjekt som det var stimulerande å tenkje på. Men det fanst tragedie: Seint den sommaren døydde far hans av kreft, men James hadde levd lenge nok til å forstå noko av sonens geni og vere stolt av det han hadde oppnådd. James' død braut trollringen som hadde halde familien fanga: Ella greidde med Kyrkja si hjelp å fri seg frå morfinen, og som eit svar — da ho først hadde prova sin styrke, slutta Jamie å drikke og følgde henne på vegen attende til liv og helse. Saman på nytt vende mor og son seg til problema kring James' formue. Eugene vart oftare og oftare kalla ein «leiande dramatikar», og det fargerike tidlegare livet hans var godt stoff for intervju. Ung, alvorleg og ansvarsfull poserte han for formelle portrett som vart nytta med rosande billettekst i tidsskrif som «Theatre Arts Magazine», den nye røysta i teater-renessansen. Amatørdagane låg bak han. Han byrja jamvel å nærme seg økonomisk balanse!


1921 — året «Anna Christie» hadde urpremiere, for dette stykket fekk O'Neill sin andre Pulitzer-pris. At stykket vart så populært uroa han, han lytta oppmerksomt når kollegaene hans, George Jean Nathan, Arthur Hopkins, og scenografen Robert Edmond Jones,

tala om teaterkunsten og om kva nye retningar amerikansk teater kunne ta. Han møtte kritikaren Kenneth Macgowan og saman med han og Jones danna han eit produserande «Triumvirat» som tok over «The Provincetown Playhouse» og sette seg føre å gjere europeisk sceneteknikk til sin eigen gjennom ein serie skodespel som var overraskande revolusjonerande når det galdt oppsetjingsmåten. Den dramatikaren som framfor alle var dømet på Macgowans spådom om korleis teatret skulle sjå ut i framtida, var Strindberg. O'Neill kalla Strindberg «forløparen for alt som kan kallast moderne i vårt teater». I ei etterlikning av hovudretningane i Strindbergs kunst, skreiv O'Neill kvasi-ekspresjonistiske skodespel som han kalla «Bakom livet»-drama, og stykke kjenneteikna av ein intensivt realisme som han kalla «supernaturalisme.» Det nye inntrykket han gav reflekterte smaken og synsmåten til talsmennene for eit «Art Theatre» — han la ut om teaterteorianane sine til avisene og poserte for fotografi med ein nøye arrangert bakgrunn, som var den sett saman av Jones sjølv.






1922 — eit år prega av forandring, av død og døyande, av nyfødd. For første gong møtte Eugene eldste sonen sin, Eugene jr., og han vart introdusert for ei vakker skodespelarinne, Carlotta Monterey. Mor hans døyde brått, i Los Angeles. Jamie, som var saman med henne, byrja drikke att i fortviling over tapet av henne. Toget som førte lekamen til den døde mora og den fordrukne broren, kom til New York same kvelden som «The Hairy Ape» hadde premiere. Skodespela gjorde lykke, men personlege vanskar sette spor: Han drakk, av og til heilt ukontrollert, og ei nervøs skjelving byrja gjere seg gjeldande i hendene hans. No da familien var borte, byrja han ei rastlaus leiting etter ein heim, først i Ridgefield, Connecticut, så på Bermuda, der dotter hans, Oona, vart fødd i 1925. Etter at han verkeleg hadde bestemt seg for å prøve på alvor, greidde han å halde opp med å drikke. Ære og heider vart han til del: i 1925 ei gullmedalje frå The National Institute of Arts and Letters, i 1926 ein æresgrad frå Yale-universitetet. Og skodespela flaut raskt frå handa, trass i personlege tragediar og emosjonelle vanskar — raskare, faktisk, enn «Triumviratet» kunne få dei opp. O'Neill, som vart sitjande der med ein bunke uproduserte stykke, byrja sjå seg rundt etter ein heilt ut profesjonell produksjonsorganisasjon.



1927 — «Triumviratet» vart oppløyst, og O'Neill skreiv kontrakt med «The Theatre Guild» — eit samarbeid som vara resten av livet hans. Han trivdest på Bermuda, ei varm verd omgitt av hav — han kjende seg heime der, og glede seg over barna som ofte kom dit. Men det var vanskar i ekteskapet. Attende i New York for å følgje prøver, gjekk O'Neill ofte ut med Carlotta Monterey. Han bad Agnes om skilsmisse. Ho ville ikkje, og resultatet vart ein lang juridisk kamp som gjordé Eugene og Carlotta til godt stoff og tvang dei til å røme unna skandale-nyfikne journalistar. Dei reiste frå USA, og lova ikkje å kome heim att før dei var gifte. Avisene forfølgde dei, og skreiv om «mystiske forsvinningsnummer», private kranglar, sjukdom, og ein gong jamvel om at Eugene var død. I 1929 vann han sin tredje Pulitzer-pris for «Strange Interlude», han fekk skilsmisse og gifta seg med Carlotta, og han busette seg i Frankrike i eit slott nær Tours. Der isolerte han seg med arbeid som stadig voks i omfang, stadig grov seg djupare. Det han bad om, var at Carlotta skulle skape ein heim som var ei festning, at ho skulle vakte over det skapande livet hans og slutte seg til han i einsemda. Han bad om eit offer, ho gav han livet sitt.




1931 — endeleg vende han heim til USA. På Sea Island i Georgia bygde han «Casa Genotta», her slo han seg ned og byrja på den lange syklusen av skodespel med emne frå amerikansk historie. Her byrja han òg — med «Ah, Wilderness!» — den gruppa av sjølvbiografiske skodespel som skulle bli sjøelve krona på verket hans. Arbeidet heldt fram med små avbrot fram gjennom 30-åra, men helsa byrja svikte, og frå tid til anna var han for sjuk til å skrive. Han flytta til California, og i åsane nær San Francisco bygde han «Tao House» — det siste av hans mange «slott over slott». I 1936 fekk han Nobel-prisen i litteratur. Eugene jr., som var blitt ein framstående vitenskapsmann innanfor klassiske fag, gifta seg i 1931. I 1943 gifta Oona seg — ho hadde vore ein av dei mest omskrivne sositets-debutantane i New York, ho gifta seg med Charles Chaplin, ein mann på alder med far hennar. Trass i den framstående posisjonen han no hadde, vende Eugene seg stadig meir innover i seg sjølv, freista desperat å stenge verda ute, kjempa mot sjukdomen i si einsemd, sloss mot skjelvinga i hendene som truga med å øydeleggje den einaste røyndomen i livet hans, skrivinga. Det året da Oona gifta seg, vart han alvorleg sjuk og låg til sengs i seks månader. Verda mørkna, men litt lys trengde gjennom. I 1945 gifta Shane seg, og sonen hans, som vart fødd året etter, fekk namnet Eugene III.



1946 — dei gode åra var borte. Eugene jr. vart skild, og Shanes baby vart kvald i senga berre to månader gammal. To år tidlegare hadde Eugene selt «Tao House» og flytta attende til New York City. Helse var nokolunde stabil, og han arbeidde med prøvene på «The Iceman Cometh». Skjelvinga ville ikkje gi seg, det var umogleg å skrive. Han avlyste planane om ein New York-premiere for «A Moon for the Misbegotten» og ein produksjon av «A Touch of the Poet». I 1948 budde han i Marblehead, helse hans var litt betre. Men det året vart Shane arrestert for narkotikamisbruk, og frå den tid var det ikkje til å skjule at han var ein uboteleg narkoman. Den eldste sonen hans gjorde sjølv mord i 1950, han skar opp handledda på romersk vis. I 1951 hadde Eugene og Carlotta ein alvorleg krangel, men etter ein periode frå einannan — da begge vart innlagde på sjukehus — kom dei saman att, og han gav henne råderetten over verka hans. Jamvel om omdømmet hans på denne tida nådde eit lågpunkt, var det ei viktig avgjerd, for kort tid etter kom ein O'Neill-renessanse som gav ein fjerde Pulitzer-pris og plasserte han blant dei tre-fire største dramatikarane i dette hundreåret. Men for O'Neill sjølv stod ingenting att. Den lange ferda enda i eit hotellrom i Boston, 27. november 1953.

EUGENE O'NEILLS SKODESPEL

- «A Wife for Life» — skrive 1913/14. Publisert 1958.
- «Thirst» — skrive 1913/14. Publisert 1914. Oppført i august 1916, på Wharf Theatre, Provincetown.
- «The Web» — skrive 1913/14. Publisert 1914.
- «Warnings» — skrive 1913/14. Publisert 1914.
- «Fog» — skrive 1913/14. Publisert 1914. Oppført på The Playwright's Theatre, New York, 5. januar 1917.
- «Recklessness» — skrive 1913/14. Publisert 1914.
- «Bound East for Cardiff» — skrive 1913/14. Publisert 1919. Oppført på Wharf Theatre, Provincetown, 28. juli 1916.
- «Servitude» — skrive 1913/14. Publisert 1958. Oppført på Skylark Theatre, New York 23. april 1960.
- «Abortion» — skrive 1913/14. Publisert 1958.
- «The Sniper» — skrive 1915. Publisert 1958. Oppført på The Playwright's Theatre, New York, 16. februar 1917.
- «Before Breakfast» — skrive 1916. Publisert 1916. Oppført på The Playwright's Theatre, New York, 1. desember 1916.
- «The Movie Man» — skrive 1916. Publisert 1958.
- «Ile» — skrive 1916. Publisert 1919. Oppført på The Playwright's Theatre, New York, 30. november 1917.
- «In the Zone» — skrive 1916. Publisert 1919. Oppført på Comedy Theatre, New York, 31. oktober 1917.
- «The Long Voyage Home» — skrive 1916. Publisert 1919. Oppført på The Playwright's Theatre, New York, 2. november 1917.
- «The Moon of the Caribbees» — skrive 1916. Publisert 1919. Oppført på The Provincetown Playhouse, New York, 20. desember 1918.
- «The Rope» — skrive 1918. Publisert 1919. Oppført på The Playwright's Theatre, New York, 26. april 1918.
- «The Dreamy Kid» — skrive 1918. Publisert 1920. Oppført på The Provincetown Playhouse, New York, 31. oktober 1919.
- «Beyond the Horizon» — skrive 1918. Publisert 1921. Oppført på Morosco Theatre, New York, 20. februar 1920. På DET NORSKE TEATRET 14. mars 1937, «Bak horisonten».



Harald Heide Steen og Betzy Holter i Knut Hergels oppsetjing av «Bak horisonten».

«Where the Cross Is Made» — skive 1918. Publisert 1919. Oppført på The Provincetown Playhouse, New York, 22. november 1918.
 «The Straw» — skrive 1919. Publisert 1921. Oppført på Greenwich Village Theatre, New York, 10. november 1921.
 «Gold» — skrive 1920. Publisert 1920. Oppført på Frazee Theatre, New York, 1. juni 1921.
 «Anna Christie» — skrive 1920. Publisert 1923. Oppført på Vanderbilt Theatre, New York, 2. november 1921. Ein tidlegare versjon, «Chris Christophersen», skrive i 1919, vart oppført på Apollo Theatre, Atlantic City, 9. mars 1920. På DET NORSKE TEATRET, 5. januar 1951.



Astrid Sommer og Tordis Maurstad i «Anna Christie», regi og scenografi signert Arne Walentin.



Earle Hyman og Øvwind Øven i «Keisar Jones». Tormod Skagestad instruerte.

LANG DAGS FERIE

Eugene O'Neill

James Tyrone

GISLE STRAUME

Mary Cavan Tyrone, kona hans **RØNNAUG ALTEN**

James Tyrone, eldste son deira **BJØRN FLOBERG**

Edmund Tyrone, yngste sonen **BJØRN SKAGESTAD**

Cathleen, hushjelp

KARIN HELENE HAUGEN

Omsett av ARTHUR KLÆBO

Regi: TORMOD SKAGESTAD

Scenografi og kostyme: ARNE VALENTIN

Regiassistent: ARNA HAMMERSMARK

Parykkar og masker: DORO WALSTAD

Inspisient: KRZYSZTOF SELIGA

Rekvisitør: IVAR VASAASEN

Sufflør: ARNA HAMMERSMARK/ASTRID HELLESEN

Premiere 4. september 1976

Ein pause

ERD MOT MATT



- «The Emperor Jones» — skrive 1920. Publisert 1921. Oppført på The Provincetown Playhouse, New York, 1. november 1920. På DET NORSKE TEATRET, 15. september 1964, «Keisar Jones».
- «Diff'rent» — skrive 1920. Publisert 1921. Oppført på The Provincetown Playhouse, New York, 27. desember 1920.
- «The First Man» — skrive 1921. Publisert 1923. Oppført på The Neighborhood Playhouse, New York, 4. mars 1922.
- «The Hairy Ape» — skrive 1921. Publisert 1923. Oppført på The Provincetown Playhouse, New York, 9. mars 1922.
- «The Fountain» — skrive 1922. Publisert 1926. Oppført på Greenwich Village Theatre, New York, 10. desember 1925.
- «Welded» — skrive 1923. Oppført på 39.th Street Theatre, New York, 17. mars 1924.
- «All God's Chillun Got Wings» — skrive 1923. Publisert 1924. Oppført på Provincetown Playhouse, New York, 15. mai 1924. På DET NORSKE TEATRET, 3. oktober 1931, «Alle guds born har vengjer».



Tordis Maurstad og Johan Norlund i den første O'Neill-oppsetjinga på DNT, regi: Agnes Mowinckel.

- «Desire under the Elms» — skrive 1924. Publisert 1924. Oppført på Greenwich Village Theatre, New York, 11. november 1924.
- «Marco Millions» — skrive 1925. Publisert 1927. Oppført på Guild Theatre, New York, 9. januar 1928.
- «The Great God Brown» — skrive 1925. Publisert 1926. Oppført på Greenwich Village Theatre, New York, 23. januar 1926.
- «Lazarus Laughed» — skrive 1926. Publisert 1927. Oppført på Pasadena Community Playhouse, 9. april 1928.
- «Strange Interlude» — skrive 1927. Publisert 1928. Oppført på John Golden Theatre, New York, 30. januar 1928.




«Dynamo» — skrive 1928. Publisert 1929. Oppført på Martin Beck Theatre, New York, 11. februar 1929.

«Mourning Becomes Electra» — ein trilogi skreven 1931. Publisert 1931. Oppført på Guild Theatre, New York, 26. oktober 1931.

«Ah, Wilderness!» — skrive 1932. Publisert 1933. Oppført på Guild Theatre, New York, 2. oktober 1933. På DET NORSKE TEATRET 9. november 1949, «Å, ungdoms villmark!»



«Å, ungdoms villmark!»: Edvard Drabløs, Per Sunderland, Gisle Straume, Dagmar Myhrvold, Jan Pande-Rolfsen. Regi: Nils-Reinhardt Christensen.



Det gjekk gjetord om «Lang dags ferd mot natt» i 1961: Toralv, Tordis og Alfred Maurstad og Rolf Søder spela familien Tyrone.





Tordis og Alfred Maurstad som Mary og James Tyrone i Skagestads førre oppsetjing.

«Days Without End» — skrive 1933. Publisert 1934. Oppført på Henry Miller Theatre, New York, 8. januar 1934.

«The Iceman Cometh» — skrive 1939. Publisert 1946. Oppført på Martin Beck Theatre, New York, 9. oktober 1946.

«Long Day's Journey into Night» — skrive 1941. Publisert 1955. Oppført på Kungl. Dramatiska Teatern, Stockholm, 10. februar 1956. På DET NORSKE TEATRET, 26. oktober 1961, «Lang dags ferd mot natt».

«A Touch of the Poet» — skrive 1935-42. Publisert 1957. Oppført på Kungl. Dramatiska Teatern, Stockholm, 29. mars 1957. På DET NORSKE TEATRET, 30. august 1959, «Litt av ein diktar».

«Hughie» — skrive 1942. Publisert 1959. Oppført på Kungl. Dramatiska Teatern, Stockholm, 18. september 1958.

«A Moon for the Misbegotten» — skrive 1943. Publisert 1958. Oppført på Hartman Theatre, Columbus, Ohio, 20. februar 1947.

«More Stately Mansions» — skrive 1953. Publisert 1964. Oppført på Kungl. Dramatiska Teatern, Stockholm, 11. september 1962.



Astrid Folstad, Ingolf Rogde og Astrid Sommer i Knut Thomasens oppsetjing av «Litt av ein diktar».



Tormod Skagestad

**EUGENE O'NEILL OG
«LANG DAGS FERD MOT NATT»**

«Til Carlotta på vår 12. bryllaupsdag.

Kjære,

eg gjev deg originalmanuskriptet til dette skodespel om gammal sorg, skrive med tårer og blod. Det kan synast vera ei melankolsk malplasert gåve på ein dag som vi feirar til ære for vår lykke. Men du kjem til å forstå. Det er tenkt som ein takk for din kjærleik og din varme, for den tillit til kjærleiken som du har gjeve meg, og som endeleg har gjort det mogleg for meg å stå andlet til andlet med mine døde og skrive dette skodespel, skrive det i djupaste forståing og medkjensle for **alle** i den heimsøkte familien Tyrone.

Desse 12 år, du kjære, har vore ei ferd mot lyset — inn i kjærleiken. Du kjenner mi takksemd. Og min kjærleik!

Din Gene.»

Det var i 1941 Eugene O'Neill, Amerikas Ibsen, skreiv denne gripande dedikasjonen til si hustru Carlotta. Tolv år seinare døydde O'Neill som ein vonbroten, bitter og einsam mann. Ingen andre enn Carlotta kjende skodespelet «Lang dags ferd mot natt». O'Neill hadde sagt at det ikkje skulle spelast før 25 år etter hans død, men skifte meining før han døydde. Han gav Dramaten i Stockholm retten til urpremieren på «Lang dags ferd mot natt» og andre store skodespel han let etter seg. Det svenske kvalitetsteatret hadde vunne O'Neills tillit og respekt gjennom store framsyningar av hans tidlegare dramatik. Og så, på nyåret 1956, opplevde Stockholm ein av sine lysande premierar, med toppkreftene Inga Tidblad, Lasse Hansson, Ulf Palme og Jarl Kulle i hovudrollene. Det vart ei teaterhending som vekte atterklang i heile den vestlege kulturverda, og etterpå følgde framføring av skodespelet i New York, Berlin, Hamburg, København, London. Her på Det Norske Teatret spela vi stykket hausten 1961 med Tordis, Alfred og Toralv Maurstad, Rolf Søder og Marit Bolling.

Kva var det som gjorde at O'Neill ikkje ønskte dette dramaet framført medan han levde? Det hadde fleire årsaker. Han hadde vorte bitter på Broadway og såg med avsky på alt teatervesen. Men hovudgrunnen var at han i «Lang dags ferd mot natt» nesten biografisk skildrar sin eigen beiske ungdom og sin aller næraste familie, mor, far, bror, — tre menneske som på kvar sin måte hadde gått til grunne rett for augo hans, og som han hadde vore knytt til i kjærleik og hat. Det er, for å bruke hans eigne ord, «eit skodespel om gammal sorg, skrive med tårer og blod».

Og vi kjenner når vi les det eller når vi ser det spela at dette er ikkje litteratur, det er livet sjølv, brutalt, nådeslaust, fortvåa. Vi lærer fire menneske å kjenne, som riv seg til blods i dei band dei er bundne saman med, men som likevel elsker kvarandre på sin eigen ulykkelege måte.





Karl Ragnar Gierow:

LÅNG DAGS FÄRD MOT NATT

Till pjäsens förhistoria.

Eugene O'Neill dog i november 1953. Vid flera tillfällen dessförinnan hade han berättat för sina vänner, och vid ett tillfälle också för pressen, om dramer, som förelågo i färdigt skick, och om andra, som han hade under arbete i fortskridet stadium. Det var en ofantlig produktion av den sedan många år skenbart stumme diktaren, som dessa uttalanden röjde. Därur nådde under hans livstid endast två skådespel offentligheten, «Si, iskarlen kommer» (1946) och «Måne för olycksfödda» (1952). Efter premiären på Iskarlen talade han emellertid också om, att han hade förstört några av de åsyftade, färdiga dramerna; efter hans död löd det officiella beskedet, att Måne för olycksfödda var hans sista stycke, och att ingen pjäs fanns kvar.

Till sin första del är detta besked säkerligen riktig: Måne för olycksfödda tycks vara hans senast fullbordade verk. Den andre delen av beskedet, att ingen pjäs fanns kvar, föreföll av psykologiska grunder svårare att tro på.

Till de avslutande stycken, som O'Neill privat och offentligt yttrat sig om, hörde också det, vars existens jag efter mera närgången undersökning hade glädjen att få bekräftad och Dramaten har fått privilegiet att först presentera för världen: «Lång dags färd mot natt.» När spåret väl var funnit, framkom det nämligen, att O'Neill några dagar före sin död uttalat den önskan, att stycket skulle spelas på Dramatiska Teatern i Stockholm.

Detta ser ut som ett egendomligt sammanträffande. Det är det egentligen inte. Bakgrunden till O'Neills önskan och till de mera envisa efterforskningarna från denna teaters sida är alldeles den samma: det fruktbara intresse, som Dramatiska teatern sedan länge visat O'Neills dramatik. O'Neill-traditionen på Dramaten började redan med «Anna Christie» för över trettio år sedan, när författaren var så gott som okänd i Europa. Den utvecklades under en rad O'Neill-föreställningar, av vilka åtskilliga voro europeiska urpremiärer och vissa torde komma att bestå bland Dramatens rangprestationer genom alla år, bland dem «Klaga månde Elektra», «Blodet ropar under almarna» och «Sällsamt mellanspel». Det finns nog ingen teater i världen, som har spelat mera O'Neill än Dramaten. När Lilla scenen invigdes, hade den som öppningsprogram en oförgätlig O'Neill-föreställning: «Alla Guds barn har vingar.» När författaren med Iskarlen bröt sin långvariga tystnad, var det åter Dramaten som på denna sidan Atlanterna presenterade


det märkliga och svåra stycket. För författaren inte mindre viktigt var slutligen att Dramatens framförande av Måne för olycksfödda väckte åtskillig uppmärksamhet även i hans hemland, där pressen ställt sig ganska kylig till stycket och nu frågade sig, om hans landsmän verkligen hade förstått hans senaste arbete. När detta hände, låg O'Neill för döden, och innan den kom, uttalade han den önskan, som det för Dramaten är en ära och ett ansvar att nu efter förmåga förverkliga. Om hans önskan visste man här ingenting. Hans hustru, Mrs. Carlotta Monterey O'Neill, drog sig för att försätta teatern i den brydsamma situationen att säga nej till erbjudande, som hon inte visste, om man ansåg sig kunna ta emot. «Vi möttes halvvägs,» skrev Mrs. O'Neill i sitt första brev, när kontakten mellan teatern och henne – med Dag Hammarskjöld som förmedlare – var öppnad. Tidigare hade O'Neill sagt till pressen, att stycket inte fick spelas förrän 25 år efter hans död, eftersom det kom verkligheten mycket nära och en av dess personer fortfarande var i livet. Tillfrågad om denne var han själv, svarade O'Neill: «Jag säger inte ett ord.»

Verklighetsunderlaget är inte svårt att urskilja i kvällens drama. O'Neills fader, James O'Neill, var en över hela Amerika berömd skådespelare, om vilken den tidens störste amerikanske scenartist Edwin Booth hade yttrat att han spelade Othello lika bra som Booth själv. O'Neill senior föll emellertid för frestelsen att år efter år turnera Amerika runt med en av honom själv utförd dramatisering av «Greven av Monte Christo», som ofelbart gav honom enorma recetter och hejdade hans konstnärliga utveckling. Sin hopsparade förmögenhet sökte han förmera eller i varje fall bevara genom ibland högst besynnerliga affärsspekulationer.

Modern gick som ung i klosterschola, där hon ansågs inte bara som den vackraste bland flickorna utan också som den frommaste. Hon var mycket musikalisk och en utomordentlig pianist. När hon plötsligt förläskade sig i en skådespelare och gifte sig med denne, måste hon bryta med sin familj.

Eugene's äldre broder Jim var mycket av en odåga och Broadwaysnobb; han tillhörde periodevis faderns ensemble. Detta gjorde från och till även Eugene själv. Han hade emellertid också försökt sig på annat. Han hade legat vid universitet men blivit relegerad och därefter provat skilda yrken. År 1912, dit dramas handling är förlagd, kom han hem efter ett år till sjöss och på luffen, med malaria i kroppen. Han försökte sig nu som reporter och verskåsör men drabbades av lungdot och skickades till ett sanatorium.

Allt detta komma åskådarna att känna igen i kvällens pjäs. Men framför allt komma de att känna den djupa, persoliga upplevelsen bakom varje situation, varje replik i detta «drama om gammal sorg, skrivit i tårar och blod». I den dedikation till hustrun, varur de anförda orden hämtats, biktar författaren sin medkänsla för alla fyra «i den hemsökta familjen Tyrone». Namnet har han gett dem med avsikt: Tyrone är ett irländskt grevskap, från början ett småkonungarrike, och fyrstehuset hette O'Neill.





SPELPLANEN PÅ DET NORSKE

Det er eitt namn som står sentralt i repertoaret på Det Norske Teatret denne hausten: Olav Duun. Den 21. november er det 100 år sidan han vart fødd, og dette jubileet vil teatret markere med heile to oppsetjingar på Hovudscenen.

Olav Duun er ein av gigantane i nyare norsk litteratur, og mykje av det han skreiv ligg tett opp til dramaet — med ein knapp, spenningsberande dialog. Diverre skreiv han aldri direkte for teatret, men Knut Hergel fekk han i 30-åra med på ei dramatisering av romanen «Medmenneske». Resultatet vart eit av dei beste drama vi har i nynorsk-litteraturen, og skodespelet har gjennom ei rad oppsetjingar blitt ein av grunnsteinane i repertoaret på Det Norske Teatret. Ei rad av teatrets fremste skodespelarar har gitt liv til Duuns personar gjennom åra — vi nemner Lars Tvindes Didrik, Dagmar Myhrvolds Tale, Astrid Sommers Kvitugla, vi kunne nemne mange fleire. No er det nye



Astrid Sommer som «Kvitugla» i 1967.

skodespelarar som skal gjere rollene til sine egne, berre eitt namn på rollelista er det same som alltid før: Astrid Sommer er denne gongen òg Gamalfaster, «Kvitugla». I dei andre store rollene møter vi Ingolf Rogde som Didrik, Tordis Maurstad som Tale, og som ungfolket, Ragnhild og Håkon, møter vi Ragnhild Hilt og Torgeir Fonnliid. Det er Pål Skjønberg som har ansvaret for regien, Snorre Tindberg er scenograf. Det blir premiere sist i september.

I november følgjer ein urpremiere: Tormod Skagestad har dramatisert romanen «Ettermæle», og vil sjølv setje i scene. Det er ei forteljing spennande som ein kriminalroman, der Brynjar freistar nøste opp trådane kring sanninga om mor hans, om tilhøvet til faren, om korleis ho døydde. Kven er skuldig, finst her ein mordar? Er det faren, som vart skulda for mord og frikjent, eller er det ein av dei andre mennene som kryssa livsvegen til mora på ulikt vis? Vi følgjer Brynjar medan han steg for steg nærmar seg sanninga, og lærer kva for krefter som kan styre ein menneskelagnad, og kva for konsekvensar det får når sanninga endeleg kjem for ein dag.

Vi vonar mange vil nytte høvet til å bli kjent med ein av dei største diktarane landet har fostra — at framsyningane på teatret kan bli ein innfallspørt til diktninga hans som gir meirsmak.

ELLES PÅ DET NORSKE TEATRET I HAUST ...

På Hovudscenen, Barneteatret, kan vi òg by på ein norsk urpremiere:

DEN STORE FARGESLUKAREN

Bak denne framsyninga står tre namn som dei seinare åra har markert seg sterkt i norsk barnelitteratur: heile fem bøker har dei laga saman, forfattern Tor Åge Bringsværd, teiknaren Thore Hansen og komponisten Trygve Madsen. No har dei for første gong gått saman om eit verk for scenen. Thore Hansen debuterer såleis som scenograf. For Tor Åge Bringsværd er det tredje året på rad Det Norske Teatret opnar med eit nytt stykke av han – fjerde oppsetjinga i det heile. Stykket er eit eventyr i moderne form: den store fargeslukaren er eit uhyre som sug til seg fargar, stel all musikk, all glede – alt vent og vakkert vil han ha for seg sjølv, vil ikkje dele med nokon! Ein liten, litt redd og hjelpelaus klovn tar opp kampen mot uhyret, godt hjulpen av ei sjarmerande og tryllande kattefrøken. Og som i alle riktige eventyr vinn det gode over det vonde til sist! Runar Borge, som har signert fleire vellykka barneframsyningar dei siste åra, har tatt seg av regi og koreografi, og musikken er i trygge hender hos Tor Hultin, som har stått for arrangement og musikalsk leiing – når det gjeld den musikalske leiinga delar han jobben med Kari Stokke. Svein Tindberg spelar klovnen, Trini Lund er katt, og som sjølvaste fargeslukaren møter barna Johan Kjelsberg. Elsa Isefiær er kona, og elles er dei sju dansarane på teatret med og gir liv til spelet.

På Scene 2 opna sesongen med Norgespremiere på det eldste skodespelet vi kjenner frå den vestlige verda,

PERSARANE

Aiskylos' mektige drama om persarhæren sitt nederlag ved Salamis, eit slag han sjølv tok del i, er ei poetisk og monumental skildring av den sorg og liding krig fører med seg. Det er ei gruppe på 19 – skodespelarar, instruktør, scenograf, komponist og kulturforskarar – som saman står ansvarlege for framsyninga. Saman har dei funne fram til den tolkinga framføringa uttrykkjer. Framsyninga er såleis resultatet av eit eksperiment på teatret, eit eksperiment med ein meir demokratisk arbeidsmåte enn det som er vanleg i ei prøvetid.

«Persarane» kjem til å alternere utetter hausten med ein av dei største suksessane Scene 2 har opplevd:

JACQUES BREL ER HER I KVELD OG BUR BRA I PARIS

Til glede for mange er no denne framsyninga på spelplanen att, etter eit opphald på vel eit halvt år. Det er framleis Sølvi Wang, Lasse Kolstad, Lars Klevstrand og Tone Ringen ein kan høyre i Bjørn Endresons framifrå gjendikting og oppsetjing, no som før assistert av muskarane Einar Iversen, Svein Johann Ose, Knut Guettler og Gunnar Aas.



Botnen - 68